



Grunnlagsdokument

Frå styringsgruppe K2
Velferd og sysselsetting

Levert 3.12.2018



1 GRUNNLAGSDOKUMENT

1.1 STATUS – GENERELT OM STABS-/KOMMUNALOMRÅDET

Kommunalområde 2: Velferd og sysselsetting

Kapittelet beskriver status, satsingsområda, mål og strategiar for tenesteutvikling i velferd- og sysselsettingsområdet i nye Ålesund kommune.

Området skal leiast av ein kommunalsjef, og det skal etablerast ein fagstab for fellesoppgåver. Tenestetilbodet skal vere likeverdig, tilgjengeleg og av god kvalitet for alle tenestemottakarane.

Portefølje av oppgåver som er foreslått organisert i dette kommunalområdet er:

- Butenester for fysisk/psykisk utviklingshemma over 18 år (også avlastning)
- Aktivisering og sysselsettingstilbod for fysisk/psykisk utviklingshemma over 18 år
- Hjelpemiddelformidling, her under velferdsteknologiske hjelpemiddel
- Sentral-/ hovudkjøkken (Måltidsproduksjon)
- Koordinering mot VTA-bedrifter (varig tilrettelagt arbeid)
- NAV (kommunal del)

Omgrepsavklaring:

Omgrepa «velferd» og «sysselsetting» er sentrale her. Det er naudsynt med ei presisering av omgrepa slik at vi bygger vår forståing av kommunalområde 2 på dei same premissane.

Velferd:

Forklarast oftast som ei beskriving av ei form for livskvalitet eller det å ha eit godt liv. Å ha eit godt eller dårleg liv gjev innhald til livskvalitet og har både objektive og subjektive aspekt ved seg. Opplevinga av t.d. jobbsikkerheit og om helsetilstanden er god eller dårleg er døme på subjektive mål som utfyller dei objektive. Velferd kan óg nyttast som ein samleoppfatning av «ikkje-økonomiske komponentar»; som t.d. :

- Helse
- Utdanning
- Sosiale relasjonar
- Personleg tryggleik
- Tilfredsheit med livet

Sysselsetting:

Ein situasjon der ein person er sysselsett med oppgåver i næringsverksemd; anten for eigen rekning eller i andre sin teneste. Dei kan også oppfattast som arbeidstakarar eller lønsmottakarar.»



Buteneste:

Omsorgsteneste i bemanna bustader for utviklingshemma eller andre med alvorleg funksjonsnedsetting (18+), og avlastning til heimebuande utviklingshemma og andre med sterkt nedsett funksjonsevne. (18+)

Tenesta ytast av personar med helse- og/eller miljøterapeutisk kompetanse.

Hjelpemiddelformidling:

Tenesta skal formidle utlån av kommunale hjelpemiddel og hjelpemiddel frå NAV, og har ansvar for behovsvurdering, kjøp, distribusjon og vedlikehald av ulike hjelpemiddel som til dømes tryggleiksalarmar. Det vil bli innført fleire ulike velferdsteknologiske hjelpemiddel i åra som kjem, som tenesta også skal følgje opp.

Hjelpemiddelformidling handlar om å finne fram til tekniske, praktiske løysingar i kvardagslivet ved nedsett funksjonsevne. Det kan vere løysingar som finns i vanlig handel eller løysningar som er spesielt designa for funksjonshemma.

Sentralkjøkken (Måltidsproduksjon):

Sentralisert måltidsproduksjon ev fordelt på fleire einingar som produserer og leverer ut måltid til fleire tenestestader og til heimebuande.

Det er berre Ålesund kommune som har sentralkjøkken. Måltidsproduksjonen vert organisert på ulike måtar i dei andre kommunane, som til dømes storkjøkken, institusjonskjøkken og kjøp frå privat leverandør.

VTA-bedrifter:

Ei bedrift som tilbyr personar som er uføretrygda varig tilrettelagd arbeid i ei skjerma verksemd, med arbeidsoppgåver som er tilpassa den einskilde. Dette kan også vere enkeltplassar i ordinære verksemder.

Deltakarane er fast tilsette, men mottar uføretrygd i staden for ordinær lønn.

NAV (Kommunal del):

Kommunen har ansvar for dei sosiale tenestene i NAV-kontoret. Lover og forskrifter fastset kva for tenester og tiltak kommunen har ansvar for; å fremje økonomisk og sosial tryggleik, betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til økt likeverd og likestilling, og førebygge sosiale problem.

Den einskilde kommune bestemmer, saman med Arbeids og velferdsetaten, kva for kommunale tenester som skal inngå i NAV-kontoret utover eit lovpålagt minimum, bestående av kvalifiseringsprogram, sosialhjelp, opplysning, råd og vegleiing, midlertidig husvære, økonomisk rådgjeving og tilbod om individuell plan.



1.2 OVERSIKT OVER OMRÅDET

Bustader utviklingshemma/ aktivitet utviklingshemma/VTA/hjelpemiddelformidling/NAV/måltidsproduksjon				
Haram kommune				
Verksemd	Årsverk	Netto budsjett	Leiarar	Antal brukarar
Butenesta Vesterheim	43,5	24 676	1 avdelingsleiar	32
Dagaktiviseringa	2,26	1 265		16
Avlasting (frå 2019)	2,5	1 500	(under butenesta)	4
Koordinering VTA – Haram industrier	7	4 200		20
Hjelpemiddelformidling	1,5	865		
Institusjonskjøkken	3,7	2.270	1 avdelingsleiar	70
Kjøp frå ISS til Haram sjukeheim	2,5	?		50
NAV kommunal del	3,00	2 268	0,27 leiar	
Sum Haram	65,96			
Sandøy kommune				
Verksemd	Årsverk	Netto budsjett	Leiarar	Antal brukarar
Hjelpemiddelformidling	0,4		Einingsleiarar- Teknisk og Helse- og omsorg	
Sentralkjøkken	4,2	2 849	Einingsleiar Helse og Omsorg	250
Ikkje VTA i kommunen				
NAV	2,0		1,0	
Sum Sandøy	6,6			
Skodje kommune				
Verksemd	Årsverk	Netto budsjett	Leiarar	Antal brukarar
Prestemarka bustader	64	27 245	1 einingsleiar(felles) 1 avdelingsleiar	22
Prestemarka dagsenter	15,75	8 348	1 avdelingsleiar	30
Sentralkjøkken/måltidsproduksjon (Middag vert kjøpt frå Ålesund)	0,8	1 800	1 kokk, (tørrmat)	
Hjelpemiddelformidling	0,5	0	Ansv. fordelt på 2 stk + vaktmester	



VTA	0	0		
NAV (Storfjord: Skodje, Ørskog, Stordal, Nordal)	5	4 825		
Sum Skodje	86,05	42 218		
Ørskog kommune				
Verksemd	Årsverk	Netto budsjett	Leiarar	Antal brukarar
Buteneste	23,3	13 574	1	37
Arbeidsstova	1,55	891	0	4
Institusjonskjøkken	2,6	1 141	1	
Hjelpemiddelformidling	0,6	0	0	
VTA	4	5 357	1	10
NAV (Se Skodje)				
Sum Ørskog	32,3	20 963	3	47
Ålesund kommune				
Verksemd	Årsverk	Netto budsjett	Leiarar	Antal brukarar
<i>Verksemd Bu- og miljøtenester</i>				
Bustader Hatlasvingen 43-45	30,95	23 598	1,0	7
Bustader Fremmerholåsen * (halvt års drift – åpnet juni 2018)	19,20	8 505	1,0	8
Bustader Ramshaugen	29,03	22 262	1,0	8
Bustader Hatlasvingen 47/51	39,61	28 364	1,0	8
Bustader Ratvika/Kyrkjehaugen	27,5	?	1,0	3
Sum	146,29	-	5,0	34
<i>Heimetenester Ytre</i>				
Bustader Brunholmgata	18,0	13 628	1,0	6
Bustader Anton Alvestadsgate	13,6	8 912		5
Sum	31,6	22 540	1,0	11
<i>Heimetenester Midtre</i>				
Haug bustader	19,5	11 656	1,0	13
Bustader Borgundvegen 212	18,15	8 842		4
Bustader Nørvegjerdet 26	7,0	5 460		3
Bustader Haugvegen 61/62	21,13	13 178	1,0	10
Sum	65,43	39 136	2,0	30
<i>Heimetenester Indre</i>				
Bustader Olav Sundevog 2	8,8	6 429	1,0	6
Bustader Nordvikvegen	19,0	8 303		6
Bustader Øvre Holen	17,0	12 710	1,0	6



Bustader Scottsborg *(Fys funk.h)	5,45	4 110		4
Sum	50,25	31 552	2,0	22
<i>Verksemd arbeid og aktivitet</i>				
Sydvesten (butikk)	2			5
Arbeidstilbod ved tre avd: Skuggenhaugen, Godøygata og Skansen	9,5			26
Arbeidstilbod Bogneset	14			21
Seniortilbod	4,5			12
Andre alternative tilbod				5
Sum	30,0	23 383	2	64
Hjelpemiddelformidling (inkludert velferdsteknologi)	6,90	5 315	1,0	
NAV	31	59 306		
Sentralkjøkken	13,5	-2 641	1 verksemdsleiar 1 teamleiar	300 000 porsj.
Sanitetshjemmet (prod.kjøkken)	1,5	1 906	1,0	
Volsdalen bokollektiv (Mottakskjøkken)	0,73			
Blindheim omsorgssenter (Husmor)	0,5			
Hatlane omsorgssenter (Husmor)	1,0			
Åse sjukeheim (Husmor)	1,0			
Spjelkavik omsorgssenter (Husmor)	0,5			
Skarbøvik sjukeheim (Mottakskjøkken)	2,36			
Sum måltidsproduksjon	21,09			
Sum Ålesund	382,56			



Bustader utviklingshemma/ aktivitet utviklingshemma/VTA/hjelpemiddelformidling/NAV/måltidsproduksjon				
Butenester				
Kommune	Årsverk	Netto budsjett	Leiarar	Antal brukarar
Ålesund kommune				
<i>Verksemd Bu- og miljøtenester</i>				
Bustader Hatlasvingen 43-45	30,95	23 598	1,0	7
Bustader Hatlasvingen 47/51	39,61	28 364	1,0	8
Bustader Ramshaugen	29,03	22 262	1,0	8
Bustader Fremmerholåsen (Tatt i bruk juni 2018)	19,2	8 505	1,0	8
Bustader Ratvika/Kyrkjehaugen	27,5	?	1,0	3
Sum	146,29		5,0	34
<i>Heimetenester Ytre</i>				
Bustader Brunholmgata	18	13 628	1,0	6
Bustader Anton Alvestadsgate	13,6	8 912		5
Sum	31,6	22 540	1,0	11
<i>Heimetenester Midtre</i>				
Haug bustader	19,5	11 656	1,0	13
Bustader Borgundvegen 212	18,15	8 842		4
Bustader Nørvegjerdet 26	7,0	5 460		3
Bustader Haugvegen 61/62	21,13	13 178	1,0	10
Sum	65,78	39 136	2,0	30
<i>Heimetenester Indre</i>				
Bustader Olav Sundeveg 2	8,8	6 429	1,0	6
Bustader Nordvikvegen	19,0	8 303		6
Bustader Øvre Holen	17,0	12 710	1,0	6
Bustader Scottsburg	5,45	4 110		4
Sum	50,25	31 552	2,0	22
Sum Ålesund	293,92		10,0	97
Haram kommune				
Butenesta Vesterheim	43,5	24 676	1 avdelingsleiar	32
Avlasting (frå 2019)	2,5	1 500	(under butenesta)	4



Skodje kommune				
Prestmarka bustader	764	27 245	1 einingsleiar(felles) 1 avdelingsleiar	22
Ørskog kommune				
Buteneste	23,3	13 574	1	37
Sandøy kommune	0	-		
SUM ALLE BUTENESTER:	427,22		13	188
Aktivering og sysselsettingstilbod				
Kommune	Årsverk	Netto budsjett	Leiarar	Antal brukarar
Ålesund kommune				
Sydvesten (butikk)	2			5
Arbeidstilbod ved tre avd: Skuggenhaugen, Godøygata og Skansen	9,5			26
Arbeidstilbod Bogneset	14			21
Seniortilbod	4,5			12
Andre alternative tilbod				5
Sum Ålesund	30	23 383	2	64
Haram kommune				
Dagaktiviseringa	2,26	1 265		16
Skodje kommune				
Prestemarka dagsenter	15,75	8 348	1 avdelingsleiar	30
Ørskog kommune				
Arbeidsstova	1,55	891		4
Sandøy kommune	-			
SUM AKTIVISERING OG SYSSLE:	49,56	33 887	?	114
Måltidsproduksjon				
Kommune	Årsverk	Netto budsjett	Leiarar	Antal brukarar
Ålesund kommune				



Sentralkjøkken	13,5	-2 641	1 verksemdsleiar 1 teamleiar	300 000 porsj.
Sanitetshjemmet	1,5	1 906	1,0	
Volsdalen bokollektiv (Mottakskjøkken)	0,73			
Blindheim omsorgssenter (Husmor)	0,5			
Hatlane omsorgssenter (Husmor)	1,0			
Åse sjukeheim (Husmor)	1,0			
Spjelkavik omsorgssenter (Husmor)	0,5			
Skarbøvik sjukeheim (Mottakskjøkken)	2,36			
Sum Ålesund:	21,09			
Haram kommune				
Institusjonskjøkken Eidet	3,7	2.270	1 avdelingsleiar	50
Kjøp ISS til Haram sj.heim	2,5	?		50
Sum Haram:	6,2			
Skodje kommune				
Kjøp frå Ålesund, men har kokk	0,8	1 800		
Ørskog kommune				
Institusjonskjøkken	2,6	1 141	1,0	
Sandøy kommune				
Storkjøkken + drift av kantine	4,2	2 849	Einingsleiar Helse og Omsorg	250
SUM	34,89			
MÅLTIDSPRODUKSJON:				
Hjelpemiddelformidling				
Verksemd	Årsverk	Netto budsjett	Leiarar	Antal brukarar
Ålesund kommune	6,9	5 315	1,0	
Haram kommune	1,5	865		
Skodje kommune	0,5	0	Ansv. fordelt på 2 stk	



Ørskog kommune	0,6	0	Avd.leiar heimetenesta	
Sandøy kommune	0,4		Einingsleiarar- Teknisk og Helse- og omsorg	
SUM HJELPEMIDDELFORMIDLING	9,9			
VTA				
Verksemd	Årsverk	Netto budsjett	Leiarar	Antal brukarar
Ålesund kommune				
Vekst Ålesund	7,5		1,0	30+2
Brisk kompetansesenter	5		1,0	28
Sum Ålesund	12,5		2,0	60
Haram kommune	7	4 200		20
Skodje kommune	-			
Ørskog kommune	4	5 357		10+4(skodje)
Sandøy kommune	-			
SUM VTA	19,5			94
NAV				
Kommune	Årsverk	Netto budsjett	Leiarar	Antal brukarar
Ålesund kommune	31,0	59 306	?	
Haram kommune	3,0		0,27 leiar	
Skodje kommune(Storfjord)	5	4 825		
Ørskog kommune(Storfjord)	-			
Sandøy kommune	2,0		1,0	
SUM NAV	41,0			



STABSORGANISERING I ÅLESUND KOMMUNE:

Team helse og velferd i Ålesund kommune har eit oppfølgingsansvar for følgjande verksemdsområde: heimeteneste, sjukeheim og legetenester, Helse og sosial (NAV-Sosiale tenester, aktivisering- og velferdstenester, sysselsetting og arbeid/Sydvesten, vh Barn og familie). Teamet har eit samfunnsmedisinsk ansvar (miljø retta helsevern, smittevern og kommuneoverlegetenester for Haram kommune), eit koordinerande ansvar for folkehelse og eit ansvar for servering- og alkoholbevillingar. Ålesund kommune er og vertskommune for Utviklingscenter for heimetenester og sjukeheimar og ALV-Møre og Romsdal, og desse er forankra i team helse og velferd. Teamet har og eit ansvar for oppfølging av private fysioterapeutar med kommunalt driftstilskot. Kreftkoordinator er og tilknytt teamet.

Teamet har ulike funksjonar og roller som kan inndelast i følgjande kategoriar:

- Driftsavtaler, rapportering og planarbeid
- Forberede og gjennomføre politiske saker
- Forvaltning og myndigheitsoppgåver
- Fagutvikling/kvalitet
- Støtte og vegledning
- Tilsyn og kontroll

Tildelingskontoret i kommunen tildeler alle helse- og omsorgstenester med unntak av lågterskeltilbod, som er tilgjengelege utan søknad eller vedtak.

Alle tilrettelagte bustader blir tildelt her, men det er vedteke å flytte noko av dette over til eigedomsdrift, og målet er at Tildelingskontoret skal tildele bustader som er heildøgns bemanna. Tildeler Transportordning (TT-kort) - 1100 løyver på vegne av fylkeskommunen og samarbeider med leverandør av tenesta, for tida Telemarktaxi.

Tildelingskontoret er og kommunen si koordinerande eining for habilitering og rehabilitering. Dei er lovpålagt meldeinstans for behov for individuell plan og koordinator, og for mogleg behov for habilitering og rehabilitering. Dei har overordna ansvar for arbeid med individuell plan og koordinator, og for oppnemning, opplæring og vegleiing av koordinatorar.

Tildelingskontoret har administrative oppgåver på vegne av kommunens verksemder:

- Ha oversikt og rapportere til direktoratet på ressurskrevjande brukara
- Har oversikt og rapporterer til direktoratet om talet på brukarar med PU diagnose
- Overordna prosess fakturering Praktisk bistand, tryggleiksalarmar
- Betaling driftstilskot fysioterapeutar i kommunen
- Budsjett og fakturaoppfølging utskrivingsklare pasientar
- Budsjettansvar og drift av BPA. Oppfølging av brukara av BPA-ordninga og interne/eksterne leverandørar.



**Fagstab for helse og omsorgstenesta
Tildelingskontor/Tildeling
Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjeneste
ALV-Møre og Romsdal**

Kommune	Årsverk	Leiarar	Ansvar	Arbeidsstad	Netto budsjett (2018)
HARAM					
Tildeling	2,0		Se delegasjon frå e.leiar	Rådhuset	1493
	3,0	2 Einingsleiar	Fag, øko og personal	Rådhuset	2857
ØRSKOG					
Einingsleiar	1,0	Rådmann	Pleie og omsorg	Rådhuset	
Einingsleiar	1,0	Rådmann	Helseavd.	Helse og omsorgscenter	
Vedtaksnemnd*	0,1				
SANDØY					
Einingsleiar	1,0	Rådmann	Helse- og omsorgstenester	Sandøytunet	2 833
Sakhandsamar PLO	0,4	Einingsleiar	Plo saker	Sandøytunet	
Fagleiarar	2	Einingsleiar	Del fag	Sandøytunet	
SKODJE					
Kommunalsjef	1	1 Kommunalsjef	Fullt delegert mynde i løn, personal og økonomi.	Rådhuset	
Tildeling	3	Einingsleiar		Rådhuset	2.431.000
ÅLESUND					
Kommunalsjef	1	Rådmann	Fag, øk, personal	Ålesund rådhus	
Team helse og velferd (rådmannens stab)	19,94	1 teamleiar	Fag, øk, personal	Ålesund rådhus	39 872 000
Tildelingskontor/ Koordinerende enhet (rådmannens stab)	17,55	1 teamleiar	Fag, øk, personal	Ålesund rådhus	40 008 000
ALV Møre og Romsdal	1	1 leiar	Fag, øk, personal	Ålesund rådhus	0
Utviklingscenter for hjemmetjenester og sykehjem	4,30	1 leiar	Fag, øk,	Ålesund rådhus + Molde + Kristiansund	535 000
Totalt:					



Samhandlingsreforma blei innført i 2012. Bakgrunnsbildet var ei erkjenning av at helse- og omsorgstenestene var fragmenterte og i ferd med å bli for kostbar. Målet med samhandlingsreforma var å oppnå betre folkehelse og betre helse- og omsorgstenester på ein berekraftig måte. Det var også behov for betre samhandling og samordning, særleg mellom spesialist- og primærhelsetenestene. Kommunane fekk eit tydelegare og større ansvar for befolkninga si helse, og for at alle skulle få nødvendige tenester.

Etterfølgjande stortingsmeldingar og planer underbygger samhandlingsreforma, m.a. folkehelsemeldinga, morgondagens omsorg, kvalitets- og pasientsikkerheitsmeldinga og nasjonal helse og sjukehusplan. Dette har vore tydelege føringar for utvikling av kommunane sine helse- og omsorgstenester.

Stortingsmelding *Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar (Meld. St. 14 (2014–2015))* foreslår overføring av fleire oppgåver tilhøyrande tenesteområdet til kommunane. Nye oppgåver vil gi kommunane moglegheit til å utvikle eit meir heil og samanhengande tenestetilbod til innbyggjarane. Eksemplar på oppgåveområder som vurderast overført er hjelpemidlar og varig tilrettelagt arbeid (VTA).

Primærhelsetenestemeldinga har som mål at kommunane skal gjerast i stand til å oppfylle samhandlingsreforma sine intensjonar om koordinerte og heile pasientforløp, meir førebygging og tidleg innsats og fleire tenester nær brukarane.

For å sikre ei framtidsretta og brukarorientert teneste må samfunnsoppdraget i sterkare grad leggje vekt på bruker-medverknad, førebygging, tidleg oppfølging og gode forløp. I «pasientens helseteneste» skal pasientane sine behov settast i sentrum for utvikling og endring av helse- og omsorgstenestene - «Inga beslutning om meg tas utan meg».

Utviklinga stiller økte krav både til kapasitet og kompetanse, samt samarbeid og god leiing i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Gjennomgåande bodskap i meldinga er kvalitet, leiing, kompetanse og teamarbeid som nødvendig arbeidsform.

Tilsyn og undersøking tyder på at det i Noreg er kvalitetsforskjellar i tenestene, mellom kommunar og innan kommunar. Kvalitetsreforma «Leve heile livet» omhandlar dei grunnleggjande forholda som oftast svikter i tilbodet til eldre: Mat, aktivitet og fellesskap, helsehjelp og samanheng i tenestene. Målet med reforma er å sørge for at eldre får dekkja sine grunnleggjande behov og opplever å mestre livet – uansett kvar dei bur. Andre viktige mål med reforma er at pårørande skal sleppe å slite seg ut og at tilsette skal kunne bruke si kompetanse.

Viktige nasjonale planer:

- NOU: På lik linje – Åtte løft for å realisere grunnleggjande rettigheter for personer med utviklingshemming.

Nasjonale føringar for ernæring (Sandøy)

https://www.regjeringen.no/contentassets/fab53cd681b247bfa8c03a3767c75e66/handlingsplan_kosthold_2017-2021.pdf



1.4 KOMMUNALE FØRINGAR

Kommunane har vektlagt tenesteutvikling i tråd med nasjonale føringar for tenesteområda. Det er gjennomgåande samsvar mellom dei fem kommunane sine planverk og satsingar. Kommunane har noko ulikt ståstad i forhold til planverk og framdrift innafor dei ulike områda. Dette har si bakgrunn i prioriteringar og kapasitet innafor dei einiskilde fagspesifikke områda, samt ulik dimensjonering og grad av satsingsområde. Føringane som er gitt for nye Ålesund kommune er i tråd med nasjonale føringar, og nye Ålesund har eit godt grunnlag for å sikre ei berekraftig og framtidsretta tenesteutvikling.

Ålesund:

- Kommuneplan
- Handlings og økonomiplan
- Driftsavtalar for dei einiskilde verksemdene
- Levedyktige omsorgstjenester – Omsorgsplan 2018 – 2025
- Bolig for velferd - strategier 2016-2025

Haram:

- Strategiplan Haram kommune
- Økonomiplan
- Habilitering og rehabilitering (ikkje politisk behandla enno)
- Overordna styringskort 2018, samt styringskort for dei ulike einingane for 2018

Skodje:

- Kommuneplan Skodje 2016-2026
- Grunnlagsdokument til samfunnsdel
- Handlingsprogram til Skodje Kommune/Prestemarka bu og dagtilbod
- Verksemdplan (lokalt for Prestemarka.)

Ørskog:

- Overordna handlingsplan 2017 – Ørskog kommune
- Bu- og habilitering 2017
- Ørskog kommune – årsmelding pleie og omsorgseinga 2017
- Ørskog kommune årsmelding 2017
- Ørskog kommune – budsjetttrundskriv 2017

Sandøy:

- Kommuneplan samfunnsdel
- Handlings og økonomiplan
- Leiaravtale einingsleiar ?



2 STATUS, TRENDAR OG UTFORDRINGSBILDE

Endringar m.a. gjennom HVPU- reforma, omstilling i psykisk helsevern, kraftig reduserte liggjetider i spesialisthelsetenesta generelt, med overgang til poliklinikk og dag-behandling har gitt kommunar auka ansvar og nye oppgåver. Dette har medført ei ny kommunerolle og behov for endra tenesteprofil. Nasjonale trendar og utfordringar er også lokalt gjeldande, og nødvendige å leggje til grunn i ei framtidig tenesteutvikling.

Situasjonen innan bustader for utviklingshemma:

Ålesund:

Det er eit stort behov for fleire samlokaliserte bustader for utviklingshemma, m.a. for å unngå etablering av ressurskrevjande tiltak for enkelt-personar i eigen bustad. Unge utviklingshemma over 18 år står for omlag 30 % av belegget ved avlastningsbustadane i Ålesund. Dette er ein av konsekvensane av at ein ikkje greier å byggje tilrettelagde bustader med personell og felles baser for målgruppa når behovet er til stades.

Det er også ei utvikling mot at fleire eldre utviklingshemma med somatiske utfordringar i samlokaliserte bustader ikkje lenger er i stand til å ta del i etablerte arbeids- og aktivitetstilbod utanfor bustadane, noko som medfører at bustadane må bemannast opp på dagtid. Mange i denne brukargruppa vil kunne få eit godt tilbod i f.eks. eit spesialisert bukollektiv eller ei sjukeheimsavdeling, noko som også vil frigjere plassar i dei eksisterande bustadane.

Haram:

Har behov for fleire tilrettelagde samlokaliserte bustader for utviklingshemma, delvis med fellesareal. Det er starta ei utprøving av nokre bustadar med meir fellesareal i eit bygg kalla Solbakken, som tidlegare var nytta til bufellesskap. I bygget er det fleire bustadar som kan nyttast, dersom det viser seg å høve til denne brukargruppa. Også i Haram ser ein at eldre brukarar har behov for eit spesialisert tilbod, men det er ikkje så mange i denne brukargruppa enno. Avlastningstilbodet for funksjonshemma har fram til no vore nytta både av barn og vaksne. Ein planlegg frå 2019 ei deling med eit eige avlastningstilbod for unge vaksne funksjonshemma i tilknytning til butenesta. Dette vert no eit tilbod i same bygg som bustadane i Solbakken.

Skodje:

Skodje har behov for samlokalisering av bustader. Slik bustadene er i dag så får ein ikkje nytta ressursen nok, og dette medfører at ein brukar meir ressursar en nødvendig. Det er i dag bustader med 2 og 4 einingar. Det er eit ønske at bustadene var meir samla og inneheld 6 til 8 einingar. På denne måten ville ein få nytta ressursen betre. Kommunen har ei aldrande brukargruppe der konsekvensen over tid er at bustadane må auke bemanninga opp på dagtid. Denne brukargruppa kunne fått eit betre tilbod i eit spesialisert bukollektiv eller i ei sjukeheimsavdeling som er tilrettelagt for den type brukarar.

Ørskog:

Ørskog har lange tradisjonar tilbake i tid for å busette brukarar med psykisk utviklingshemming. Pr. 31.12.17 hadde ein 5 vertskommunebrukarar og 9 andre brukarar av tenestene. Desse er lokalisert i all hovudsak til Hallvarmarka busenter der brukarar har eigne bustader. I tillegg disponerer ein



plassar på Smibakken. Ein vurderer i hovudsak at bu tilbodet og tenesta totalt sette er godt avstemt i høve behovet.

Sandøy:

Sandøy kommune har ikkje eigne bemanna bustadar for menneske med funksjonshemming.

Kommunen har ein lang tradisjon med å kjøpe tenester frå andre kommunar når det gjeld bu tilbod til menneske med utviklingshemming. I dag er dei få vaksne med utviklingshemming som enno bur i kommunen i eigne bustader anten private eller kommunale. Dei får tenestene sine frå ordinære helse og sosiale tenester.

Kommunen har 29 nye bustadar som Helse- og omsorg tenester (HOT), integrering, og sosiale tenester disponerer og tildeler. Dette er bustader for menneske som har eit helse/omsorg behov, rus, psykiatri, flyktingar eller på anna måte har vanskar med å komme seg inn på den ordinære bustadmarknaden. Dei som treng hjelp her blir "sørva" av heimetenestene eller sosiale tenester

Kommunen har vidare 12 bustader eit bufellesskap med heildøgns bemanning. Dette er i hovudsak eldre menneske med ein demenssjukdom eller andre sjukdommar som treng kontinuerleg oppfølging.

Situasjonen innan aktivisering og sysselsettingstilbod for utviklingshemma:

Ålesund:

- Økt pågang av eldre som har behov for eit aktivitetstilbod. Eit stort press på denne gruppa både frå eige system og utanfrå.
- Behov for betre tilpassa lokale for meir samling og funksjonalitet. Vi er spreidd på 6 forskjellige lokale i dag og ønsker ein gjennomgang av desse.
- Ressursar til utvikling av nye tilbod og nytt utstyr for å møte behova til de unge som kommer frå vidaregåande skule.
- Tilgang på teknologi, nettverk og støtte for å møte framtida med alle digitale løysingar.
- Betre samordning med andre verksemder for arbeid og aktivitet.

Haram:

- Har nett utvida kapasiteten ved Dagaktiviseringa (både areal og bemanning) på grunn av fleire nye brukarar
- Har eit Arbeids- og aktivitetssenter ved Haram Industrier for personar som treng eit anna tilbod enn VTA
- Behov for å utvikle nye tilbod til unge brukarar
- Behov for tilgang på teknologi, nettverk og støtte for å møte framtida med digitale løysingar

Skodje:

Skodje Kommune har i dag eit svært variert og innhaldsrikt aktiviseringstilbod der individuelle behov vert godt teken vare på. Utfordringa er å klare å til rette leggje arbeidsoppgåvene på ein slik måte at



alle får utnytta sitt potensiale maksimalt. Her krevjast det dyktige og kreative tilsette som evnar å sjå gode løysingar.

Også innan aktivisering og sysselsetting ser vi utfordringane når brukarar blir eldre og ikkje klarer å utføre arbeidsoppgåver som dei utførte tidlegare. Det trengs ofte stor grad av tilrettelegging, og andre tider så må ein finne heilt nye oppgåver. Vi har tidlegare hatt godt samarbeid med privat næring der vi har levert deler til produksjon innan møbelindustri og fiskeindustri, men vi ser på sikt at dette blir meir og meir utfordrande med tanke på funksjon og aldring av brukarar.

Ørskog:

Ørskog kommune er ein liten kommune, men har ein historikk som ein ikkje ubetydeleg vertskommune for brukarar med psykisk utviklingshemming. Talet på eldre brukarar som fell inn under denne gruppa, går no gradvis ned. I Ørskog har vi eit inntrykk av at situasjonen rundt aktivisering og sysselsetting er slik at tilbodet er monaleg avstemd mot behovet.

Butenesta gir heilskaplege tenester for menneske som av ulike årsaker har behov for tilrettelegging og oppfølging i eigen heim gjennom heile livet, samt tilrettelagt aktivitetstilbod. Målsetjingar for tenesta er å sikre fornøgde og trygge brukarar, og legge til rette for eigen-meistring. Dei som ønskjer det skal ha tilbod om arbeid eller aktivitet, enten på arbeidsstova, på Vekst Ørskog eller evt andre stadar. Arbeidsstova er flytta frå Ingeborgstova til Hallvarmarka, og alle vertskommunebrukarane bur no der. Gjennom dette har ein oppnådd betre logistikk for både brukarar og tilsette i forhold til sosiale aktivitetar og å kunne nyttiggjere seg av dagtilbodet. Brukarane i vertskommuneordninga har det godt og lever lenger enn prognosen tilseier

Sandøy:

Kommunen har ikkje spesielle aktivisering- og sysselsettingstilbod for denne gruppa. Det er snakk om eit fåtal personar og desse forsøker ein å få inn i ordinært arbeid med tilrettelegging. Det er NAV som administrerer dette.

Sandøy kommune burde ha eit arbeids og aktivitetstilbod for menneske som ikkje greier å stå i eit ordinært arbeid. Pga geografiske tilhøva blir det vanskeleg å nytte dei tilboda som er på fastlandet.

Situasjonen innan koordinering mot VTA-bedriftene:

Ålesund:

Kommunen har dei to VTA-bedriftene Vekst Ålesund og Brisk kompetansesenter med til saman 62 plassar.

Det har vore drøftingar mellom Brisk as, Vekst Ålesund, NAV og Ålesund kommune om korleis samhandel kring innbyggjarar som søker tilrettelagt arbeid eller aktivitet.

Gjennom desse møta er det avdekt både ønskjer om å sjå på organisasjonsstruktur og eit potensiale for å utvikle vidare samhandlinga til beste for brukarane.

Ålesund formannskap har vedteke å be rådmannen bringe temaet inn i nye Ålesund for å få utreia framtidig struktur innafør desse tenestene.

Haram:

Haram Industrier er eigd av Haram kommune, har eige styre der Formannskapet er generalforsamling. Bedrifta har 20 plassar for personar som treng varig tilrettelagt arbeid, og driv mellom anna med mekanisk verkstad , snikkerverkstad, brukt-butikk, landskapspleie, ved-produksjon og montering/pakking av delar frå næringslivet. Driv i tillegg eit aktivitetstilbod.



Skodje:

Skodje kjøper tenester med Ørskog Kommune, der vi i dag har 4 plasser. Dette fungerer godt og har vore ei god ordning over lang tid. Prestemarka og Vekst Ørskog har god kontakt/samarbeid.

Ørskog:

Vekst Ørskog AS er ei produksjonsbedrift som har til hensikt å skape og gi eit arbeidstilbod til personar som treng varig tilrettelagt arbeid. Kommunen har 15 VTA plasser og ein kommunal (Stordal har kjøpt en plass av oss direkte i mange år). Dei 15 VTA plassane består av 80% og 100% stillingar. I administrasjonen er det 4 x 100% stillingar. Tilbodet er heileigd av Ørskog kommune som eige AS. Aksjekapital NOK 300.000,- fordelt på 3000 aksjar. Totalt sett er 20 stykk sysselsett hjå oss. Vi har ca 2,2 mill i inntekter utifrå eigenproduksjon (produserer og leverer varer til privat næring), + tilskot frå NAV utgjør 2.381.000,- pr år og dei kommunale tilskota utgjør ca 770.000,-. Det er budsjettert med ei årssomsetnad på 5.357.000,-.

Sandøy:

Sandøy kommune har ikkje VAR- bedrifter (VTA). NAV Sandøy arbeider med varige tilrettelagde arbeidsplassar i ordinære bedrifter(VTA-O) Om der skulle bli behov for ei VTA bedrift vil NAV Sandøy ta kontakt med NAV kontoret i den aktuelle kommunen der VTA bedrifta er lokalisert.

Situasjon innan hjelpemiddelformidling – her under velferdsteknologi:**Ålesund:**

Ålesund kommune har etablert tenesta "Teknisk hjelpemiddelservice" i eigne lokale i indre bydel. Det er knytt 6,9 årsverk til denne tenesta. Av desse er to årsverk knytt til innføring av velferdsteknologi. Sentralen skal formidle utlån av kommunale hjelpemiddel og hjelpemiddel frå NAV. Sentralen har ansvar for kjøp og vedlikehald av ulike velferdsteknologiske hjelpemiddel som til dømes tryggleiksalarmar. Det vil bli innført fleire ulike velferdsteknologiske hjelpemiddel i åra som kjem, som tenestene skal følge opp både med omsyn til innkjøp, vedlikehald og utlån. Det er innført Mobil Omsorg for oppfølging særleg i forhold til smittevern ved utlån og tilbakelevering. Vedtak om tildeling vert gjort av Tildelingskontoret for Helse- og omsorgstenester. Tekniske hjelpemiddel vert tildelt etter søknad og administrerast i samsvar med regelverk og samarbeidsavtale mellom kommunen og NAV hjelpemiddelsentral. Korttidslån av hjelpemiddel ver tildelt etter førespurnad frå brukar/pårørande eller andre samarbeidspartar.

Haram:

Hjelpemiddelformidlinga er eit samarbeid mellom fleire einingar i Haram kommune; Omsorg, Helsetenester og Eigedom og teknisk drift. Ergoterapeuten har eit særleg ansvar for hjelpemiddelområdet. Lageransvarleg: to personar frå HBO, to halve dagar. Ansvar for mottak av hjelpemiddel frå Hjelpemiddelsentralen, og sørge for at hjelpemidla blir levert ut til rett brukar. Utlevering i samarbeid med kommunale teknikarar og ergoterapeut, samt HBO. Lageransvarleg har ansvar for å vaske hjelpemiddel som skal gjenbrukas i kommunen og ha oversikt over hjelpemiddel som tilbake til



hjelpemiddelsentralen eller demonterast hos brukar. Dei to lageransvarlege er og høyrselekskontakt og synskontakt, saman med nokre andre tilsette i HBO.

Kommunale teknikarar køyrer ut og monterer hjelpemiddel til brukarar. Dei gjer også ein del reparasjonar og vedlikehald på hjelpemiddel.

Skodje:

To tilsette som har ansvar oppimot formidling av hjelpemiddel. Ein har ansvar for henting/bringing i dag. Behov for at dette oppretthaldast.

Ørskog:

Ørskog tek del i innføring av velferdsteknologi. Vi er ein liten kommune og det speglar seg i 2 forhold:

1. det er forholdsvis få brukarar med behov for slik teknologi.
2. kommunen har små ressursar til innføring av velferdsteknologi.

Det er difor svært viktig for Ørskog at vi tek del i eit nettverksarbeid der vi kan spele på eit samarbeid; både med store og små kommunar.

Sandøy:

Der er eit samarbeid mellom Tekniske tenester og Helse- og omsorg. Der er ingen som arbeider berre med hjelpemiddel, men oppgåvene er delt mellom fleire som ein del av anna ordinært arbeid. Fleire er kursa opp/vidareutdanna innan enkelte felt innan hjelpemiddel og velferdsteknologi. Hjelpemiddel formidling er pt. knytt til kommune-fysioterapeut.

Situasjonen innan sentralkjøkken/måltidsproduksjon:

Ålesund:

Ålesund kommune har etablerte sentralkjøkken lokalisert til Spjelkavik omsorgssenter på Moa. Det er det 13,5 årsverk, og dei leverer middag til mellom 750-800 spisegjester dagleg, fordelt på omsorgssenter, sjukeheimar, bukollektiv, dagsenter og heimebuande. Det vert og levert middag til Skodje kommune.

Eit av kommunen sine sju sjukeheimar har eige hovudkjøkken (Sanitetshjemmet). Alle dei andre får levert middag frå sentralkjøkkenet.

Årsproduksjonen er på ca 300 000 porsjonar. Det nyttes kok-kjøll metoden.

Sentralkjøkkenet produserer også middag til heimebuande med kok-kjøll metoden, og klarar på denne måten å levere til brukarane for ei heil veke på ein leveranse.

Haram:

Haram omsorgssenter kjøper varm-maten (kok-servér) til sine 50 pasientar frå ISS (produsert i same bygg)

Eidet omsorgssenter har produksjonskjøkken i bygget for 50 bebuarar. Produksjonskjøkkenet leverer både varmmaten og tørrmaten til avdelingane, samt til kafeen i omsorgssenteret.

Skodje:

Skodje kommune har tilsett ein kokk på sjukeheimen som i dag har ansvar for all tørrmat.

Kommunen får leveranse av middag frå Ålesund kommune sitt sentralkjøkken.

Utfordringa er at det er ledig kapasitet på kjøkkenet i dag.



Ørskog:

Ørskog kommune har eige kjøkken knytt til sjukeheimen (kok-servér). Dette erfarast som eit særst viktig tilbod til brukarane; både i og utanfor institusjon. Det vert dagleg levert (20 internt + 50 eksternt) til ca. 50 brukarar. Ein vil her framheve betydinga av nær kontakt mellom kjøkken og personell/brukarar – slik at måltid/ernæring blir vurdert som ein særst viktig faktor i behandlingstilbodet til brukarane. I tillegg har det stor betyding som ein trivselsfaktor for dei eldre. Ein minner her om at underernæring blant eldre - både i og utanfor kommunal omsorg - kan vere ei utfordring.

Sandøy:

Storkjøkkenet produserer for institusjonen, heimebuande, tilsette-kantine, skule- kantine, dagsenter og nærmiljø kafé (opnar haust 2018). Dei leverer og mat etter bestilling. Dei produserer 7 dagar i veka. Produksjonen er basert på kok-server. Storkjøkkenet er ein viktig trivselsfaktor både for brukarar av helse- omsorgstenestene, skuleelevane og tilsette i kommunen.

Situasjonen innan NAV:

Ålesund:

Det er pr 01.09.2018 87 tilsette i NAV Ålesund. Av desse er det 31 kommunale stillingsheimlar. Sidan 2016 har kontoret vore i ein dynamisk organisasjonsutviklingsprosess. Ein har førebudd organisasjonen på å flytte saman på ein lokasjon, og ein målrettar tenesteytinga i sterkare grad mot arbeid og arbeidsretta aktivitet jf St mld 33

Organisatorisk plassering i Ålesund kommune, rapporterer til kommunalsjef for helse og omsorgstenester

Tenestetilbod:

- Lov om sosiale tenester i NAV
- Helse og omsorgsloven kap 10, §§10-1, 10-2 og 10-3 (rus og tvangsvurdering),
- Gjeldsrådgjeving
- Frivillig forvaltning
- Eige ungdomstiltak («Vegvisaren»)
- Rettleiarar i vgs skole (Borgund vgs)
- Utvida oppfølging (Supported employment)
- IPS (Individuel placement and support)

Haram:

Nav Haram har i dag 11 100% stillingar. 3 av desse er kommunalt tilsett. Kontoret er lagt under eining for Barn, familie og integrering og NAV-leiar rapporterer til einingsleiar. Kontoret har ansvar for minimumsløysinga samt gjeldsrådgiving.

Skodje og Ørskog: (En del av NAV Storfjorden)

NAV Storfjorden er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Norddal, Stordal, Ørskog og Skodje. I 2017 vart det inngått vertskommunesamarbeid med Skodje som vertskommune. NAV Storfjorden er organisert som ei av 9 tenesteeiningar i kommunen. NAV-leiar deltek i leiargruppa i kommunen, og rapporterer til rådmann.



Det er pr. 01.09.2018 14 tilsette i NAV Storfjorden (13 frå oktober av). Av desse er det 5 kommunale stillingsheimlar, 4 som tilhøyrar vertskommunesamarbeidet og 1 som Skodje kommune har gått inn med som ekstra ressurs til oppfølging av ungdom.

Tenestetilbod:

- Lov om sosiale tenester i NAV
- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester kap. 10, tvangstiltak overfor rusmiddelavhengige
- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester kap. 3, oppfølgingsvedtak til rusmisbrukarar
- Lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersonar § 1-5
- Alkoholova § 1-7, uttale i skjenkesaker
- Gjeldsrådgjeving

NAV Storfjorden har legasjonar i alle kommunane, og det er ope publikumsmottak på ulike dagar i 3 av 4 kommunar. Rettleiarane arbeider på tvers av kommunane (skilje mellom indre og ytre), og alle deltek i mottaksturnus. Dei er organisert i to team med kvar sin teamkoordinator, og skillett mellom teama går på oppfølging av dei som er med og utan arbeidsgivar. Av spesialfunksjonar har NAV Storfjorden 50% stilling som gjeldsrådgivar og 100% stilling som arbeider med tiltaket «Arbeid først» - oppfølging av ungdom, blant anna etter aktivitetskravet jf. Lov om sosiale tenester i NAV. Denne stillinga tilhøyrar Skodje kommune, og Ørskog kjøper 20% ressurs.

Sandøy:


NAV Sandøy er eigd av kommunen og staten. Vi har 2 styringslinjer, ei til rådmannen og ei til fylkesdirektøren. NAV-leiar er einingsleiar for sosiale tenester i kommunen. NAV Sandøy utfører alle statlege oppgåver som er lagt til nav. Når det gjeld kommunale oppgåver, har NAV Sandøy ansvar for alle oppgåver som kjem inn under Lov om sosiale tenester i Nav. I tillegg har vi ansvar for barnevern (går ut til Ålesund frå 1.9.18), deler av Sandøy kommune sitt næringsfond og rus.



3 SATSINGSOMRÅDER

3.1 MÅLHIERARKI - MODELL

Målhierarki:



Visjon er gjerne den overordna politiske hensikta med kvifor ein set i gang med prosjektet, den ønska tilstanden etter prosjektet er ferdig og trådd i kraft. Desse er henta rett frå intensjonsavtalen.

Effektmål beskriv forventa effekt, kva gevinstar som skal oppnåast med prosjektet. Effektmåla beskriv ein ønska framtidig situasjon. Gevinstrealisering er å sørge for at dei effektane/gevinstane som var forventa av prosjektet faktisk blir realisert.

Resultatmåla beskriv kva konkrete resultat prosjektet skal levere i løpet av prosjektet. Desse konkretiserer *korleis* effektmåla skal nåast.¹

Suksesskriteria beskriv kva betingelsar som må vere på plass i *samanslåingsprosessen* for å oppnå resultat.

¹ Resultatmåla skal vere målbare i tid, kostnad og kvalitet, ofte omtalt som SMARTE mål (Hersey og Blanchard (1993): S = spesifikke M = målbare A = ambisjonsrike R = resultatorienterte/relevante T = tidsbestemte E = enkle



Buteneste

Personar med nedsett funksjonsevne har som folk flest, forskjellige ressursar, interesser og ønsker for livet. Som gruppe kan dei ha til felles at dei har nedsett kognitive ferdigheiter, men også ulik grad av utfordringar når det gjeld motorikk, språk, sosial kompetanse og evne til å klare daglegdagse aktivitetar.

Derfor vert det viktig å sjå etter kvar einiskild sine ressursar, styrker og behov. Alle skal ha eit liv med mening, vekst og utvikling – heile livet. (vektlegge funksjon framfor diagnose)

Mål:

Alle skal sikrast gode og heilskaplege helse- og omsorgstenester med høg kompetanse og kvalitet.

Alle skal ha en meningsfull kvardag og vi skal bidra til at kvar einiskild kan oppnå best mogleg funksjons- og meistringsevne, sjølvstende og deltaking i samfunnet.

Alle skal sikrast rett til medverknad og sjølvråderett, både på individnivå og systemnivå. Det skal leggest til rette for brukarmedverknad.

Strategiar for å nå dette:

- Utvikle samarbeid på tvers. Ha gode og tydelege rutine for samarbeid (rutine som medfører kvalitetssikring av kvarandre)
- Implementer ulike opplæringspakker både for den einiskilde og tilsette (kvardagsmeistring, endringsmetodikk og kultursensitivitet). Bygge opp eit fagmiljø og lik praksis i tenestene.
- Legge til rette for kvalitetssamtaler der vektlegging av ressursar, ønsker og behov.
- Følgje tida vi lever i når det gjelder velferdsteknologi. Tilby, heve kompetanse blant tilsette, gi veiledning til brukar, delta i nettverk for læring på tvers.
- Tilby IP/og eller koordinator til alle med behov for langvarige og koordinerte tenester. Utvikle forløps-planar, der målet er å forberede tenestemottakar og pårørande på overgangar som kjem i livet. Dette bør vere eit verktøy for brukarmedverknad og samarbeid. Forplikte samarbeid.
- Sørge for at vi har ressursar til å ivareta behov for planlegging og strategisk utviklingsarbeid.
- Øymerke bufellesskap for eldre bebuarar og bygge kompetanse om aldring og utviklingshemming i desse bufellesskapa.



Aktivisering og sysselsettingstilbud

Målgruppa er menneske med ei utviklingshemning, som har gjennomført videregående skole og som ikkje deltek i ordinært arbeid eller andre varig tilrettelagte tilbud.

Tenestene i dei fem kommunane er fragmenterte med ulik standard og størrelse på tilboda.

Framvekst av ei yngre generasjon vil medføre at tradisjonelle tilbud ikkje vil være tilfredstillande i framtida. Fleire tilbud må derfor skapast både for den yngre, men også den eldste aldersgruppa.

Mål

Likeverdige tenester for alle i nye Ålesund Kommune

Nok kompetanse til å møte utfordringane vi forventer i framtida.

Økonomisk og administrativt besparende organisering.

Meir robuste tenester.

Strategiar for å nå dette:

- Samling til eit sentralt geografisk midtpunkt
- Bygningsmasse og tilbud som er tilpassa bruker-gruppene samla i eit felles bygg.
- Nok fagpersoner til gjennomføring.
- Samarbeid på tvers med andre kommunale verksemder som voksenopplæring, buteneste, fysioterapi, sentralkjøkken, hjelpemiddellager m.m.

Hjelpemiddelformidling – her under velferdsteknologi:

I ny organisering blir det viktig å ivareta og styrke den samla kompetansen, sikre god samhandling og ha rutine og prosedyre som legg grunnlaget for heilskaplege og like tenester til innbyggjarane i kommunen.

Utviklingen av hjelpemidler/ velferdsteknologi og befolkningens økte levealder og ønske om å mestre eget liv resulterer i en stadig større formidling av hjelpemidler.



Mål

Samlet felles og bærekraftig virksomhet

Strategiar for å nå dette:

- Samlokalisering og effektivisering. Samle nåværende og fremtidig kompetanse i samme og egnede lokaler der det er god plass til kommunale hjelpemiddel, syn og hørsel, utlevering av hjelpemiddel fra NAV og velferdsteknologiske løsninger.
- Det må også være god kontorplass og plass til vask av innleverte hjelpemiddel samt plass for transportmidler.
- Lokaliseringen må være slik at det er enkelt å nå alle deler av den nye kommunen.
- Gode rutiner og styringssystem for drift, dvs utlån, innlevering etc.

Mål

Likeverdige og heilskaplege tenester til alle innbyggjarane

Strategiar for å nå dette:

- Samle kompetanse og moglege teknologiske løysingar slik at dette kan bli lettast mogleg å nå for alle.
- Eit telefonnummer for å melde behov og få svar på spørsmål.

Mål

Tryggleik og meistring for brukarar og tilsette

Strategiar for å nå dette:

- Etablere lærings og mesitringsarenaer som er tilgjengelege for alle.
- Samle felles kompetanse som imøtekommer noverende og framtidige behov.
- Være ein arena for samhandling og samskaping med andre aktuelle tenester.



Sentralkjøkken/måltidsproduksjon:

Måltidsproduksjonen i dei fem kommunene som skal verte nye Ålesund er organisert på ulike måter, og med ulik produksjonsteknikk.

Sentralkjøkkenet i Ålesund ynskjer å være eit meir sentralt og fleksibelt tilbod i kommunen, og slik imøtekomme nye behov for brukarane.

Det er samstundes viktig å bevare lokale kjøkken då desse kan vere ein viktig miljøfaktor både for brukarane i sjukeheimane, pårørande og lokalbefolkninga som kan nytte tilbodet i ein lokal samlingsplass.

Mål

Likt og kvalitetsmessig gode måltidstilbud til alle brukarane

Strategiar for å nå dette:

- Brukarane si ernæringsmessige status må vere i sentrum.
- Måltidene må løftes opp og fram som ein viktig del av helsetilbodet til brukarane.
- Ein må skape ro og stemning rundt måltidene, noko som vil fremje livslyst og glede og god appetitt.
- Det må nyttas ernæringsfysiologer i større grad.
- Det må gis grundig opplæring til dei som skal tilberede maten i siste ledd før brukar/pasient får maten på bordet (dette gjeld særleg der produksjonsmetoden er kok-kjøll).

Mål

Lik kompetanse, kunnskap og tryggleik i forhold til mat og ernæringsbehov i heile kommunen.

Strategiar for å nå dette:

- Større grad av erfaringsutveksling og samarbeid
- Kurs og oppfølging til tilsette både ved kjøkken og ute på alle avdelingar/postkjøkken.

Mål

Auka satsing på rekruttering av lærlingar, kokker og anna kjøkkenpersonell.



Strategiar for å nå dette:

- Legge til rette for en attraktiv læreplass for lærlingar
- Skape ein attraktiv og fagleg utfordrande arbeidsplass som er kjennetegna av samarbeid og utveksing av kunnskap mellom tenestestadane

NAV

Sjå eige dokument.

VTA

Ikkje omtala i dette dokumentet.

3.3 KOMPETANSEBEHOV

Behov for kompetanse

I helse- og omsorgssektoren vil ei auke i talet på eldre gi auka behov for pleiepersonell. Ei auke i talet på yngre brukarar med nedsett funksjonsevne gir også eit behov for meir personell. I tråd med dette gir verksemdene uttrykk for at dei har behov for:

- helsefagarbeidarar
- sjukepleiarar
- sjukepleiarar med mastergrad i klinisk sjukepleie
- sjukepleiarar med vidareutdanning innen geriatri
- ernæringsfysiologar
- ergoterapeutar
- fysioterapeutar
- personer med kompetanse om sansetap
- vernepleiarar
- miljøterapeutar/3-årig høgskuleutdanning innan helse- og sosialfag
- tilsette med vidareutdanning i vegleing, psykiatri og miljøarbeid/miljøterapeutisk arbeid
- tilsette med teknologikompetanse og endringskompetanse
- «dobbelkompetanse», f.eks. IT og helse.

Strategisk overordna plan

Det bør difor utarbeidas ei overordna kompetanse- og rekrutteringsplan for helse- og omsorgstenestene for å sikre at nye Ålesund kommune har kvalifisert arbeidskraft og riktig



kompetanse i åra framover. Å styrkje evna til strategisk kompetanse-planlegging og realisere kompetanse- og rekrutteringstiltak som er tilpassa kommunens utfordringar blir stadig viktigare. Nye Ålesund kommune må og ha ein konkurransedyktig lønspolitikk for å tiltrekke seg kompetente søkjarar i eit stramt arbeidsmarknad.

God leiing er avgjørande for å gi gode helse- og omsorgstenester, og er eit grunnleggjande element for at kommunen skal nå måla i denne planen. leiarar skal vere rollemodeller, faglige pådrivarar, vere nytenkande, vere resultatorienterte og gode til å motivere og inspirere sine medarbeidarar.

3.4 INNOVASJON OG DIGITALISERING

Innovasjon ligg til grunn i intensjonsavtalen for å sikre fornying og for å løyse framtidige samfunns-utfordringar. Ved å satse på innovasjon skal tenesteområdet utvikle framtidige løysingar gjennom samarbeid og samskaping mellom kommuna sine tenester, brukarar, pårørande, frivilligheit, andre offentlege instansar, næringsliv og samfunn. Innovasjon nyttas i organisasjonen for å finne nye og betre måtar å organisere arbeidsoppgåver på.

Nye Ålesund skal:

- ha en ny, effektiv og innovativ organisasjon. Dette skal styrke samhandling på tvers samtidig som en tar vare på god forvaltningsskikk.
- ha tydelig satsing på offentlig innovasjon og utvikling.
- være ei føregangskommune i digitalisering og teknologi-basert utvikling av tenestene.

Satsing på digitale løysingar skal aukast for å gje innbyggjarane raskare og betre tilgang på tenester. Tenesteinnovasjon skal fremje samhandling i kommunen, med frivillig sektor og med spesialisthelsetenesta, med mål om at brukarar skal få tenester av god kvalitet og oppleve meir heilskaplege forløp. Det er behov for økt strategisk samarbeid mellom kommunen, offentlege institusjonar, forskingsmiljø og næringsliv for å oppnå innovasjon i tenesteområdet.

Velferdsteknologi er eit sentralt verktøy i møte med den demografiske utviklinga. Denne teknologien kan bidra til at brukarane får moglegheit til å meistre eige liv og helse på eigne premiss. Brukarar med behov for helse- og omsorgstenester kan bu lengre heime og dermed utsetje behovet for et høgare omsorgsnivå. Eksempel er førebygging av fall, einsemd og kognitiv svikt. Bedra kvalitet på tenestene, økt fleksibilitet og økt ressursutnytting er også vinster av velferdsteknologi.

I de fem kommunane er det fleire ulike digitale/innovative prosjekt i gang:

Måltidsproduksjon

- AIVO – ei digital bestillingsløysing

Buteneste

- «Jeg kan» - inkluder meg i dagens teknologi, det vil gi meg nye moglegheiter. (Innovasjon i livslange tenester til utviklingshemma)



- «Alle Kan» -teknologisk støtte i fritidsaktiviteter for barn og unge og deira familie i eit livsløpsperspektiv (arenafleksible løysingar)
- Samarbeid med Myld (gründerverksamheit) – utvikling av plattform for digital samhandling (foreldre, tilsette, system)

Hjelpemiddelformidling

- Velferdsteknologi – utrulling
- Responssenter – anskaffing gjennomført.
Pågår i dag utlevering av utstyr frå Tryggleikspakke-anskaffinga, men utrulling/utbytting av tryggleiksalarmar har vore på vent pga Responssenter behov.
- Fagsystem: Det har vore sondert etter fagsystem for meir enkelt å kunne handtere henvendingar, saksoppfølging, lagerhandtering, garantiar, utlån, samt samhandling når man blir Nye Ålesund. Det er blitt testa ut Hjelpemiddelbasen, Facilit og Famac. Valgt å følge anskaffinga til IT då løysingar dei ser på dekker mange av våre behov og gir større rom for samhandling når det er like system.

Aktivisering og sysselsetting

- Manglar grunnleggjande infrastruktur, som wifi-dekning i alle bygg og har som målsetting å få dette på plass i forbindelse med Nye Ålesund.
- Det gjennomførast faste dialogsmøter med. Gjort en gjennomgang av Wifi-status og prøver å ligge i forkant/prioritere i dei saker der velferdsteknologi er avhengig av slik infrastruktur.
- Ha nok support, særlig til verksemdspesifikke satsingar, f.eks. 3D-printing.
- Har tatt i bruk 3D-printer (privat printer) for tilpassing av alarmknapp løysing slik at brukar kan tilkalle hjelp (motoriske utfordringar). Har hatt en workshop med sydvesten gjeldande 3D printing. Målet er at vi skal kunne sende bestilling til de så kunne de ha som jobb å produsere enkelte komponentar.

